

Kvartalsrapport

2-2014



«Nyebanken» på Fagernes

SpareBank
HALLINGDAL VALDRES



Kommentarar 2. kvartal 2014

Konsernet

Konsernet omfattar morbanken og følgjande 8 heileigde dotterselskap

- EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS
- SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS
- SpareBank 1 Hallingdal Invest AS
- SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS
- SpareBank 1 Regnskapshuset Hallingdal AS (tidl. HallingRegnskap AS)
- SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS (tidl. Valdres Regnskap AS)
- HallingRegnskap AS
- Valdres Regnskap AS

Dotterselskapa har innverknad på enkeltpostar i konsernrekneskapen, men har mindre innverknad på konsernresultatet. Etter 2. kvartal er samla verknad på konsernresultatet frå desse selskapa eit underskot på 1,9 mill. kroner etter goodwillavskrivningar.

Banken eig 7,8 % av Samarbeidende Sparebanker AS og 7,8 % i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS som er felles-kontrollerte verksemdar eigd av 11 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5 % av SpareBank 1 Gruppen AS. Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS eig 19,5 % av BN Bank. Resultatandelen frå desse felleskontrollerte verksemdene inngår i konsernrekneskapen i tillegg til morbanken og dotterselskapa. Resultatet i dei felleskontrollerte verksemdene utgjer 13,7 mill. kroner av det samla konsernresultatet på 47,0 mill. etter 2. kvartal.

Morbanken Resultatutviklinga

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 2 kvartal på 46,6 mill. kroner som tilsvarar 1,21 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er klart betre enn for tilsvarende periode i fjor. Kvartalet har vore ei normal driftsperiode utan spesielle hendingar, men 2. kvartal er dominert av utbetalingar av utbytte frå andre selskap, spesielt Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende SpareBanker Bankinvest AS.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 77,4 mill. kroner mot 64,8 mill. i same periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 2. kvartal på 2,02 %. I same periode i fjor var rentenettoen 1,87 %. Den viktigaste årsaka til den relative betringa i rentenettoen er lågare renter på banken sine innlån og gjennomførte renteendringar på utlån og innskot, spesielt for engasjement med høg risiko.

Banken har overført bustadlån for 1,7 mrd. kroner til SpareBank 1 Boligkreditt (Boligkreditt). Dette utgjer 20,4 % av balanseførte og overførte lån. Legg ein i saman netto renteinntekter og provisjonsinntekter på overførte lån utgjer dette 2,34 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital.

Netto andre driftsinntekter utgjer 53,4 mill. kroner mot 43,8 mill. i same periode i fjor. Aukne skuldast framleis i hovudsak vekst i provisjonar på overførte lån til Boligkreditt, men ein ser også noko auke i provisjonar frå transaksjonsgebyr knytt til elektroniske betalingar (minibank, nettbank, kredittkort). Utbytte på aksjar i andre selskap er noko høgare i år enn i fjor.

Driftskostnadane i 2. kvartal aukar frå 56,9 mill. i fjor til 59,8 mill. kroner i år. Mesteparten av veksten kjem frå auke i løns- og pensjonskostnader. Tilsette er auka med vel 5 årsverk sidan tilsvarende periode i fjor. Pensjonskostnadane er venta å bli ein del høgare i år.

Resultatrekneskapen viser ein netto tapskostnad på 9,2 mill. kroner. Mesteparten av auken i tapskostnadane i kvartalet kjem frå tapsnedskrivningar på utlån.

Balanseutviklinga

Banken har ved utgangen av 2 kvartal ein forvaltningskapital på nærare 8 mrd. kroner. Forvaltningskapitalen har auka med 8,8 % siste 12 månader.

Balanseførte utlån har ein vekst frå 2. kvartal i fjor på 428 mill. kroner. Overførte lån til Boligkreditt inngår ikkje i balanseførte utlån, men tek ein med desse er auken siste året på 822 mill. kroner eller

11,0 %. I privatmarknaden er veksten siste 12 månader på 419,2 mill. eller 8,1 % (inkludert overførte lån til Boligkreditt). Tilsvarende tal for bedriftsmarknaden er ein vekst på 403,4 mill. kroner og 17,5 %. Banken si relative balanseeksponering mot bedriftsmarknaden er 40,8 % av samla utlån. Utlån til privatmarknaden utgjer 59,2 %. Reknar ein med overførte lån til Boligkreditt er fordelinga 32,5 % / 67,5 %.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 2. kvartal 105,8 mill. av utlånsvolumet og er ein auke i kvartalet på vel 10 mill. kroner. Misleghaldet utgjer 1,60 % av brutto utlån og har ei svak auke etter ei periode frå 2011 med betring. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 48,5 mill. kroner per 2. kvartal. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken si portefølje av renteberande verdipapir klassifisert som omløpsmidlar utgjer 386 mill. kroner (obligasjonar). Dette er fordelt med 22 mill. i statsgaranterte papir, 196 mill. i obligasjonar med fortrinnsrett (OMF), 121 mill. i bankobligasjonar og 47 mill. i industriobligasjonar og ansvarlege lån. Banken har ei samla aksjeportefølje på 233,4 mill. kroner. Mesteparten av dei renteberande verdipapir samt ei portefølje av norske og utanlandske aksjar blir forvalta av ekstern forvaltar. Aksjeporteføljen er per 2. kvartal bokført til 39,5 mill. Banken har vidare aksjar i tilknytte konsernselskap (selskap nemnde i avsnittet om konsernet) bokført med til saman 90,3 mill. kroner. Aksjar i dotterselskap er bokført til 50,4 mill. kroner.

Innskota ved utgangen av 2. kvartal er på 5.049 mill. kroner, og er ein auke på 314 mill. siste 12 månader. Innskota fordeler seg med 3.041 mill. på privatmarknaden og 2.008 mill. innafor bedriftsmarknaden. Omrekna i prosent er auken siste 12 månader på 6,6 %. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalsslutt er på 76,1 % mot 76,4 % for eit år sidan.

Banken har per 2. kvartal til saman 1.775 mill. kroner i eksterne innlån, 6 obligasjonslån på til saman 1.575 mill. kroner, eit sertifikatlån på 100 mill. kroner og eit banklån pålydande 100 mill. kroner. Av innlåna har 100 mill. kroner løpetid på under eit år. Banken har i tillegg til denne finansieringa ein oppgjerskreditt på 40 mill. kroner.

Banken sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 17,1 % ved utgangen av 2. kvartal og er godt over det lovmessige kravet på 12,5 %, samt interne kapitalmål. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

Framtidsutsikter

Rentenivået har vore svært stabilt i lengre tid. I 1. kvartal begynte bankane å justere ned både innskots- og utlånsrenter. Denne trenden vil nok halde fram og kan leggje noko meir press på banken sin rentenetto framover.

Norske bankar sine rekneskapar vil i 2014 bli prega av salet av aksjar i selskapet Nets A/S som gir store kursgevinstar. Sjølv salstransaksjonen blir gjennomført i 3. kvartal. Mange bankar som fører rekneskapen etter internasjonale reglar (IFRS), kan ha inntektsført ei verdistingning på aksjane i samsvar med avtalt salspris i 1. eller 2. kvartal og har slik sett allereie realisert denne kursgevinsten. SpareBank 1 Hallingdal Valdres vil inntektsføre gevinsten i 3 kvartal når transaksjonen er gjennomført.

Utlånsveksten har jamt over vore god dei siste 5-6 kvartal. Me ser at veksten kan svinge frå kvartal til kvartal, men for banken er det viktig å ha ein moderat volumsvekst over tid.

Dotterselskapa innafor rekneskapsføring og eigedomsmeikling vil pga. fusjon i 3. kvartal og oppstart av kontor i Valdres gje eit dårlegare resultat i 2014 enn venta.

Bankdrifta så langt i året er solid. Sjølv med eit forventna dårlegare resultat på andre verksemdsområde, ser konsernet ut til å få eit bra resultatet i 2014.

Hallingdal, 30.06.14/14.08.14

Kjell Vidar Bergo Åge Sandsengen Sissel Bjørøen
Formann Nestformann

Odd Holde Tore Østlund Kristin Ourom Vidar Isungset

Resultatrekneskap 2. kvartal 2014

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK					KONSERN					
Året 13	2. kv. 13	2. kv. 14	30.06.13	30.06.14		30.06.14	30.06.13	2. kv. 14	2. kv. 13	Året 13
299 099	73 938	82 117	142 788	160 370	Renteinntekter og liknande inntekter	158 555	141 325	81 194	73 162	295 979
157 987	40 104	42 717	77 978	82 969	Rentekostnader og liknande kostnader	82 925	78 385	42 690	40 276	158 016
141 112	33 834	39 400	64 810	77 401	Netto rente- og provisjonsinntekter	75 630	62 940	38 504	32 886	137 963
9 068	12 609	15 753	12 567	15 939	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	18 199	11 866	11 854	6 059	24 593
62 475	15 133	17 395	29 422	34 603	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	34 603	29 422	17 395	15 133	62 475
2 686	740	831	1 261	1 802	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	1 802	1 261	1 211	740	2 686
4 580	1 743	2 400	2 441	3 259	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	3 259	2 440	2 400	1 743	4 598
2 803	913	829	1 387	1 389	Andre driftsinntekter	41 250	39 147	20 166	19 821	70 768
76 240	29 658	35 547	44 556	53 388	Sum andre inntekter	95 509	81 614	50 604	42 016	159 748
217 352	63 492	74 946	109 366	130 789	Sum driftsinntekter	171 139	144 554	89 108	74 902	297 711
63 198	11 093	12 172	26 892	29 525	Personalkostnader	57 091	52 870	25 387	23 759	111 891
36 080	8 581	8 795	17 764	18 135	Administrasjonskostnader	17 924	17 771	8 622	8 879	35 558
3 509	871	907	1 808	1 775	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	7 875	7 629	3 924	3 802	15 223
21 906	5 036	5 369	10 435	10 345	Andre driftskostnader	16 318	13 550	8 619	6 225	31 504
124 693	25 581	27 243	56 899	59 780	Sum driftskostnader	99 208	91 820	46 552	42 665	194 176
92 659	37 911	47 703	52 467	71 009	Resultat før tap	71 931	52 734	42 556	32 237	103 535
10 976	4 415	6 435	7 306	9 186	Tap på utlån, garantiar mv	9 186	7 306	6 435	4 415	10 976
-881	-881	143	-881	143	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	143	-881	143	-881	-881
82 564	34 377	41 125	46 042	61 680	Resultat etter tap	62 602	46 309	35 978	28 703	93 440
20 860	6 400	9 500	9 700	15 100	Skatt på ordinært resultat	15 570	10 832	9 566	7 075	21 280
61 704	27 977	31 625	36 342	46 580	Resultat av ordinær drift etter skatt	47 032	35 477	26 412	21 628	72 160
61 704	27 977	31 625	36 342	46 580	Resultat	47 032	35 477	26 412	21 628	72 160

Nøkkeltal

	MORBANK			
	2. kv. 14	2. kv. 13	Året 13	Norm 13 *
RENTABILITET				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	2,02	1,87	1,96	1,79
Driftskostnader i % av driftsinntekter	45,71	52,03	57,37	51,80
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,56	1,64	1,73	1,37
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	12,99	9,97	8,70	11,07
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	9,81	7,87	6,50	8,15
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,14	0,12	0,67	0,21
FINANSIERING				
Utlånsvekst (brutto) i % siste 12 md.	7,01	23,90**	10,37	4,73
Overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt AS (1000 kr)	1 695 424	1 307 183	1 556 673	
Utlånsvekst i % siste 12 md. inkl. overført Boligkreditt	10,96	23,30**	13,62	8,12
Innskotsvekst i % siste 12 md.	6,62	22,41**	5,01	6,61
Innskot i % av brutto utlån	76,13	76,41	72,51	82,28
Auke i forvaltn.kapitalen i % siste 12 md.	8,75	20,93**	10,99	5,01
SOLIDITET				
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)	945 654	903 377	946 868	
Kapitaldekning	17,24	16,38	17,72	18,45
Eigenkapitalprosent	12,61	12,95	12,85	9,75
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,73	0,68	0,67	0,73

* Bygger på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner.
** Vekstprosenten er påverka av fusjonen med Øystre Slidre Sparebank i november 2012.

Dotterelskap

Tal i heile 1000 kroner

DRIFTSINNTEKTER	30.06.14	30.06.13	Endring	RESULTAT FØR SKATT	30.06.14	30.06.13	Endring
EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	13 464	10 069	3 395	EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	1 058	690	368
SpareBank 1 Hallingdal Eieendom AS	4 307	4 749	-442	SpareBank 1 Hallingdal Eieendom AS	-658	792	-1 451
SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	0	0	0	SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	-432	-309	-123
SpareBank 1 Regnskapshuset Hallingdal AS	17 740	17 656	84	SpareBank 1 Regnskapshuset Hallingdal AS	2 051	2 135	-84
SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS	10 113	11 217	-1 104	SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS	414	972	-558
SpareBank 1 ValHall Eieendomsutvikling AS *	1 443	291	1 152	SpareBank 1 ValHall Eieendomsutvikling AS*	-694	-236	-458
Sum	47 067	43 982	3 085	Sum	1 738	4 044	-2 306

* Selskapet starta i 2013

Balanse per 30. juni 2014

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
31.12.13	30.06.13	30.06.14	EIGEDELAR	30.06.14	30.06.13	31.12.13
77 975	74 172	234 241	Kontantar og fordringar på sentralbankar	234 241	74 172	77 975
79 161	228 903	276 777	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	275 342	229 399	79 338
6 544 737	6 198 142	6 632 513	Brutto utlån til og fordringar på kundar	6 522 286	6 101 809	6 451 412
-15 052	-17 009	-16 001	- Individuelle nedskrivningar	-16 001	-17 009	-15 052
-28 500	-25 500	-32 500	- Gruppevise nedskrivningar	-32 500	-25 500	-28 500
6 501 185	6 155 633	6 584 013	Netto utlån til og fordringar på kundar	6 473 785	6 059 300	6 407 860
22 099	2 482	22 099	Overtekne eigedelar	22 099	2 482	22 099
359 014	356 958	386 098	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	386 098	356 959	359 014
180 495	242 523	233 421	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	248 491	242 918	195 571
90 326	103 252	90 326	Eigarinteresser i tilknytt selskap	148 428	162 995	148 579
52 294	54 233	50 380	Eigarinteresser i konsernselskap	-	-	-
2 602	3 458	2 602	Immatrielle eigedelar	24 674	32 241	27 976
15 833	16 541	15 597	Varige driftsmidar	122 646	109 709	117 987
15 141	33 085	14 697	Andre eigedelar	30 864	49 354	30 836
51 890	45 556	46 922	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	79 152	68 092	78 851
7 448 015	7 316 795	7 957 173	Sum eigedelar	8 045 820	7 387 621	7 546 086
			GJELD OG EIGENKAPITAL			
100 000	250 000	100 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	100 000	251 022	113 067
4 745 742	4 735 696	5 049 332	Innskot frå og gjeld til kundar	5 045 362	4 727 799	4 741 537
1 559 053	1 291 421	1 676 975	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1 676 975	1 291 421	1 559 053
59 207	21 435	55 547	Anna gjeld	63 161	22 439	63 076
14 812	55 754	56 729	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	66 000	71 412	24 959
11 985	15 171	14 793	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	20 416	19 100	17 020
6 490 799	6 369 476	6 953 377	Sum gjeld	6 971 914	6 383 193	6 518 712
805 700	805 700	805 700	Eigenkapitalbevis	805 700	805 700	805 700
75 000	75 000	75 000	Grunnfondskapital	75 000	75 000	75 000
7 406	2 069	7 406	Andel resultat grunnfondskapital	7 406	2 069	7 406
11 581	11 581	11 581	Overkursfond	11 581	11 581	11 581
899 687	894 351	899 687	Sum innskote kapital	899 687	894 350	899 687
-	-	-	Fond for vurderingsulikheter	72 690	59 733	72 842
-	-	-	Anna eigenkapital	-3 032	-1 759	-2 684
11 739	11 804	11 739	Gåvefond	11 739	11 804	11 739
44 614	3 678	44 614	Utljåningsfond	44 614	3 678	44 614
1 176	1 145	1 176	Kompensasjonsfond	1 176	1 145	1 176
57 529	16 627	57 529	Sum bundne fond / frie fond	127 187	74 601	127 687
-	36 342	46 580	Resultat hittil	47 032	35 477	-
957 216	947 319	1 003 796	Sum eigenkapital	1 073 906	1 004 428	1 027 374
7 448 015	7 316 795	7 957 173	Sum gjeld og eigenkapital	8 045 820	7 387 621	7 546 086
			POSTAR UTANOM BALANSEN			
632 109	604 264	659 524	Betinga forpliktingar	659 524	604 264	632 109

Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
	2. kv. 14	2. kv. 13	Året 13
MISLEGHALDNE LÅN			
Brutto misleghaldne lån	105 805	120 097	105 462
- individuelle nedskrivning	13 763	13 859	13 425
NETTO MISLEGHALDNE LÅN	92 042	106 238	92 037
IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING			
Brutto utlån	3 219	5 261	3 300
- individuelle nedskrivning	1 500	2 181	1 500
NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.	1 719	3 080	1 800
TAP PÅ UTLÅN OG GARANTAR			
Endring gruppe nedskrivning	4 000	3 000	6 000
Endring individuell nedskrivning	1 665	3 914	3 136
Konstatert tap i perioden	3 609	3 692	5 413
Inngått på tidl.konst. tap	-88	-3 300	-3 573
TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)	9 186	7 306	10 976

Telefon 03202
Faks 3202 3901
post@sb1.no
www.sb1.no
Foretaksregisteret
937 889 631

Kundesenteret
Postboks 33
3551 Gol
Forretningsadresse
Postboks 173
3571 Ål

Kontor: Geilo, Ål, Gol, Hemsedal,
Fagernes, Heggnes og Beitostølen

SpareBank
HALLINGDAL VALDRES

